

## Dårleg samband for veglause bygder

Dei veglause bygdene har dårlegare vegsamband enn før. Innvik kommunestyre bed Fylkesbaatane om å ta opp spørsmålet om fleire båtruter. Dei meiner at distriktet må krevje betre lastebåtar dersom varene tek skade av transporten. Innvik Kommunestyre tek opp denne saka med utgangspunkt i det Olden Bondelag har sagt om dårleg og øydeleggande transport av slakt frå indre Nordfjord til Bergen.

## Tre gjennom isen

Tre gjekk gjennom isen på Hornindalsvatnet, men dei vart berga etter stutt tid og slapp med skrekken. Dette skjedde 1. påskedag. Det var eit ektepar og den 18 år gamle sonen deira, og dei var på veg til kyrkje. Til all lukke skjedde det nær land og folk kom raskt til for å hjelpe. Dei var komne nesten bort til Sanden, men der hadde Storelva grave ei råk under isen, slik at den var vorten dårlegare enn dei rekna med.